



PROTOKOLL – INSTITUTTRÅDSMØTE 22.06.23

Referanse	Møtedato	Referatdato
2023/8448	22.06.23	23.06.23

Referent	Innkalt av
Steinar Thunestvedt	Steinar Bøyum

Deltakere: Steinar Bøyum, Vibeke Tellmann, Hans Marius Hansteen, Eivind Kolflaath, Julie Zahle, Sorin Bangu (vara), Leon Commandeur (vara), Kirsten Bang, Axel Leegaard, Vivian Steinsund

Forfall: Gunnar Karlsen, Marilu Papandreou

Fråver: Johan Ulla

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Instituttleder nytta innleiingsvis høvet til å orienterte om prosessen rundt tilsetjing av instituttleder. Mykje tyder no på at Steinar Bøyum held fram som instituttleder i den neste fireårsperioden.

Det var elles ingen merknader til innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

- Hans Marius Hansteen gjorde greie for sist møte i fakultetsstyret (20.06.23).
Viktigaste saker:
 - Strategiplanen for 2023-2030
 - Rekneskapsprognose: 2023 ser ut til å bli noko betre enn det ein rekna med for nokre månadar sidan. Dette skuldast hovudsakleg auka løns- og priskompensasjon, tilbakeføring av delar av ekstra innbetalingar til straum og justering av pensjonskutt. Konsekvensen er mellom anna at institutta får noko auka driftsmidlar.
 - Retrettstillingar: Det vart vedteke at instituttleder ved FoF får tilbod om fast vitskapeleg stilling etter endt andre årsmål
- Referat frå Utvalg for Examen philosophicum: Vibeke Tellmann orienterte (status ved JUSS-varianten, omlegging av forelesningar, innhald i dagsmøte i august var blant sakene)

- Referat frå sist møte i forskningsutvalget: Ny forskningsstrategi ved FoF var hovedtemaet for møte.
- Ny HF-strategi 2023-203: Instituttleiar og fakultetsstyrerepresentant Hansteen informerte om prosessen rundt ny strategi for HF. Hansteen kunne melde at «Filosofi» no er nemnd i innleiinga til fakultetsstrategien: «Humanistisk kunnskap åpner dører. Språk, historie, litteratur, filosofi og kunst er nøkler til å forstå fellesskapet vi lever i.»
- Tilsetjingsprosessar ved FoF: Instituttleiar orienterte om pågåande tilsetjingssaker. PPE-postdoktoren er heilt i sluttfasen, den opne postdoktorstillinga er noko forseinka mens postdoktorstillinga i praktisk filosofi er i rute med venta tilsetjing frå haustsemesteret.

III Vedtakssaker

2023-12 MAP-chapter ved FOF

Vedtak:

FoF søker MAP om å opprette eit MAP-avsnitt ved UiB.

2023-13 Forskningsgrupper – kriterier

Vedtak:

Instituttrådet vedtar «Forslag til oppdaterte kriterier form opprettelse og opprettholdelse av forskningsgrupper ved FoF»

2023-14 Budsjettnspel for 2024

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til budsjettinnspelet for 2024.

2023-15 Rekneskapsrapport pr. 31.05.23

Vedtak

Instituttrådet tar rekneskapsrapport pr. 31.05.23 til orientering.

2023-16 Valg til instituttråd for perioden 2023-24 – gruppe B

Vedtak:

Postdoktor Marilu Papandreou held fram som representant for gruppe B i instituttrådet for perioden 2023-24. Postdoktor David Vogt blir 1. varamann og stipendiat André Eilertsen blir 2. varamann.